


# DET AKIN VENTAR PÅ

TEKST: Erna Osland · ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik



Akin liker å symje.  
Bassengen han bruker er djupt.  
Djupt og blått.

Akin er flink til å symje.  
Han kan dukke under.  
Han kan halde pusten lenge.  
Han er nesten som ein fisk.

Kvar onsdag er Akin i bassenget.  
For da er det fullt av jenter.  
Dei er fine og brune.  
Som ein flokk kvalar  
fer dei gjennom vatnet.

Akin må smile.  
Fort dukkar han under.

Han sym djupt i det blå.  
Under dei fine jentene.  
Heilt nær dei.  
Heilt, heilt nær.

Men han kjem aldri borti dei!

Det hender at Akin må puste.  
Da stikk han hovudet opp.  
– Unnskyld, seier han til jentene.  
Dei berre ler.  
– Du kom ikkje borti oss, ler dei.

Så kjem dei nærmare.  
Så dultar dei i han.

Og det er dét Akin ventar på.  
Dultinga til dei fine jentene.  
Dultingane til jentekvalane.  
Det er dultinga deira  
han liker så godt.  
Den brune dultinga i det blå.